

## Laurdag 12. juni

”Dragseid – Ohm og Refsnes i Vats”

Kl. 13.00 Orientering ved bautasteinen på Ohm

Oppmøte ved **det gamle kommunehuset i Nedre Vats.**

**Marinarkeolog Endre Elvestad** held foredrag om plassen på Ohm og om dragseid i Vats og omegn.

Etterpå går turen til **Refsnes i Blikrabygda** der Evestad fortel om staden sett frå eit arkeologisk perspektiv.



## Kveldsarrangement

### Konsert og dans i Vindafjordhallen

Kl. 20.00 ”Storm Weather Shanty Choir” eller shantykoret frå Stord syng sjømannsviser m.m. frå inn- og utland.

Inng.penger: kr. 150,-



Kl. 21.30 Dans i Vindafjordhallen.

Musikk: ”Podsoll” frå Skjold syt for god og fengjande dansemusikk. Arrangør: Vindafjordhallen og SK Vats 94.

## Søndag 13. juni

Søndagsskule på Nesheimstunet

Kl. 11.00 Det blir søndagsskule for store og små med Gudrun Nesheim Mo (85 år) i stova på Nesheimstunet i Nedre Vats. Ho er fødd og oppvaksen på denne staden og har hatt søndagsskule i Bergen i over 30 år.

Elisabeth og Bjørn Steinar held open kafé med sal av middag og anna mat etter søndagsskulen.

**Ta søndagsmiddagen på Nesheimstunet denne dagen!**



VINDAFJORD  
KOMMUNE



## 5. - 13. juni

### Laurdag 5. juni

”Hestedag på Søre Skogen ”

hos Drude Isene og Martin Aeschlimann.

Kl. 11.00 Opning av kulturveka ved  
**leiar i Rogaland Bondelag Ole Johan Vierdal.**

Bruk av hest – demonstrasjon av pløying, horving m.m.

Magne Svantesvold og Svein Skare m/hestar har med gamle hestereidskap. Ymse aktivitetar for store og små.

Kafé på låven.





## Søndag 6. juni

**Moderne geitedrift, seterliv og ysting** hos Jan og Harald Haslemo i Aurdal.

**Kl. 11.00** Synfaring i geitehuset.

Etterpå blir det **"Seterliv på Sletthaug"** oppunder Åksla med flott utsikt over bygda. Det blir organisert skyss opp til hytta på Sletthaug for dei som treng frå **kl 12.30**.

**Kristian Frøyland** spelar trekkspel på setervollen, **Tove Lofthus** held foredrag, Vats Bygdekvinnelag sel tradisjonsmat (hagleta) og speidarane sel saft og kaffi. **Ta med grillmat m.m.** Varme grillar på staden.



## Måndag 7. juni

**"Kulturkveld i Vindafjordhallen"**

**Kl. 18.30 "Skor og tasker"**- Utstilling ved Vats Bygdekvinnelag. **Sommarkonsert** med Kulturskulen i Vindafjord (lokale tøvavarar).



**"Waldemar Eide  
- multikunstnaren med hytte i Vats"**

**Lisabet Risa** frå Statarkivet fortel om målaren og fotografen Waldemar Eide. Han og familien brukte mykje tid på hytta i Vats. Kaffi og drøs.

## Tysdag 8. juni

**"Torleif Knapphus – verdskjend kunstnar frå Vats"**

**Kl. 18.30** - Oppmøte ved støtta i parken v/gatekjøkketnet på Knapphus. Etterpå vert det biletkåseri i 2. etasje på **Knapphus Kjøkkensenter**.

**Torleif Knapphus emigrerte** til USA i 1905 og slo seg ned i Salt Lake City, der han vart ein verdskjend kunstmålar og skulptør. Det blir kaffi og litt å bita i.



## Onsdag 9. juni

**"Eidhammerkveld - kulturberarar i generasjonar"**

**Kl. 18.30** Kulturkveld i Vats kyrkje.



**Familemedlemer, prosjektkor og Olagutane** deltek med song og musikk for å heidra det kulturelle arbeidet til brørne Nils og Fridtjov Eidhammer.

Rikhaldig og variert program.

Me startar ei **kronerulling** denne kvelden for å setja i stand det gamle kyrkjeorgelet som Nils har spela på i over 50 år. Om det høver betre, kan de gje ei gåve på kontonr: **3240.18.24234**. **Merk overføringa med prosjektnr: 521**

**Utdeling av kulturveka sin heiderspris.**

## Torsdag 10. juni

**Bygdakino i Vindafjordhallen.**

Her blir 2 førestillingar: Sal av snop m.m. før filmen. **Kl. 18.00 Barnefilm** – Sjå oppslag om filmane seinare. **Kl. 20.00 Familiefilm** – Sjå på plakatar når dei kjem.

## Fredag 11. juni

**Basar i Blikrabygda bedehus m/kvite rullingsar + åresal.**

**Kl. 19.00** Kort andakt.

- Orientering om bedehuset før og nå
- Rumensk song og musikk
- Matøkt

Alle er velkomne til å bidra med gevinstar til basaren. Desse kan de leggja inn på Tors Kolonial på Knapphus.